

**Fra:** Ole Thomas Fidjeland <ole.thomas.fidjeland@karmoykirken.no>  
**Sendt:** 6. april 2018 12:07  
**Til:** KR-Postmottak  
**Kopi:** Erlend Dalaker; Tom Edgar Drengstig; Thor André Lindstad  
**Emne:** Svar på høyring om Justering av hovedgudstenesta og alminnelige fastsetjingar, frå Ferkingstad sokneråd

Ferkingstad sokneråd (SR) har vedtatt fylgjande svar på høyringa om Justering av hovedgudstenesta og alminnelige fastsetjingar i sak 020/18 den 04.04.18:

### **1a. Korleis opplev dykk at gudstenestereforma har påverka gudstenestelivet i Den norske kyrkja?**

Gudstenestereforma oppnådde at fleire no er involvert i gudstenesta, og forhåpentlegvis opplevast desse oppgåvene som meningsfulle. Fleire går også til nattverd som ein fylgje av at nattverd no er hyppigare enn tidligare. Elles har gudstenestereforma ikkje oppnådd noko som gir grunn til å kunne konkludere med at alt arbeidet gav eit vellykka resultat. Fleire går for eksempel ikkje til gudsteneste enn tidligare.

### **1b. Kva har fungert godt og kva har fungert dårlig ved gudstenestereforma?**

Sjå svar under 1a.

### **3. Samling, Forberedelse**

Rettleiingsteksten i forslaget uttrykk at det skal vara anledning til lys tenning før gudstenesta. For å sikra at dette skal vara praktisk mogleg er Ferkingstad sokneråd samd med Stavanger bispedømmeråd om at formuleringa bør lyda:

«Kirkerommet er åpent en stund før gudstjenesten, med anledning til stillhet, bønn og gjerne også lystening, der forholdene ligger til rette for det.»

I tillegg kan det stå, her eller i de alminnelige fastsetjingane, at:

«Øving til gudstjenesten og synlige praktiske forberedelser bør være avsluttet senest ti minutter før gudstjenesten begynner.»

### **4,5. Forbønn**

Ferkingstad sokneråd hovudsakleg samd i forslaget, særleg at ein i forbønn vågar på vara spesifikk i forbønn 5 der det står «Vi takker deg for helgener og martyrer som vitner om deg». Ferkingstad sokneråd meiner at denne bøna gir rettmessig anerkjening til dei i kyrkja si historie som betalte med sitt eige blod for kyrkja si tru og tradisjon.

### **5a. Kommenter nattverdspraksisen med omsyn til særkalk og/eller intinksjon m.m.**

Ferkingstad sokneråd forstår at det er teologiske utfordringar knytt til intinksjon, særleg at ein ved denne metoden faktisk ikkje drikk 'Jesu blod', men heller dyppar 'Jesu lekam' i 'Jesu blod'. Men eit større poeng er det kanskje at mange tykkar at intinksjon er uhygienisk ved at det kan vara eit fartøy for spreing av sjukdom. Det skal ikkje meir til enn at ein person duppar for djupt så kan vinen vara forureina.

### **5c. Er dykk samd i at takkofferet inngår i nattverdliturgien, og ikkje i forbønnsledet**

Ferkingstad sokneråd finn det uproblematisk at takkoffer inngår i nattverdsliturgien. I gamal tid var det vanleg å nytta ofra i tempeltenesten/gudstenesta. I dag brukar ein oftast å gi pengar i

takkoffer. Men det er ingen prinsipiell forskjell mellom å det å gi pengar og det å gi i form av naturalia (frå markas grøde eller frå eige arbeid; som brød og vin).

Kopi til:

- \* Rådsleiar for SR
- \* Rådsnestleiar for SR
- \* Soknepresten i Ferkingstad

--

Mvh  
Ole Thomas Fidjeland  
Daglig leder  
Falnes/Ferkingstad menigheter  
Kontor: 52810001